

**VEDTEKTER**  
**FYLKESKAPPLEIKEN I SOGN OG FJORDANE.**

**1. INNLEIING**

- § 1. FolkOrg sitt gjeldande tevlingsreglement skal vere retningsgjevande for Fylkeskappleiken.
- § 2. Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal i samarbeid med lokal tilskipar syte for at det vert lagt ei verdig råde for kappleiken.

**2. FØREMÅL**

- § 3. Målsetjinga er å samle deltakarar, andre utøvarar innan folkemusikk- og dans, samt andre interesserte elles for å styrkje interessa for folkemusikken og – dansen i regionen. Særleg viktig er det å ta vare på det lokale mangfaldet i dialektar og tradisjonar innan spel, song og dans

**3. TILSKIPING**

- § 4. Fylkeskappleiken skal vere ei årleg tilskiping i samarbeid mellom SFFL og eit lokalt medlemslag i SFFL. Lokal tilskipar kan knytte til seg andre samarbeidspartar i tillegg.
- § 5. Lokallaget som ønskjer å vere lokal tilskipar søker SFFL om å vere teknisk arrangør av kappleiken. Er det fleire søkjarar, avgjer styret i SFFL kven som skal ha tilskipinga. Det bør leggast vekt på at kappleiken vert halden flest mogeleg stadar i fylket.

**4. ØKONOMI**

- § 6. Overskot vert fordelt slik: 90% til lokal tilskipar og 10% til SFFL. Eventuelt underskot vert å drøfte mellom styret i SFFL og lokal tilskipar.
- § 7. Det skal vere eit rimeleg forhold mellom deltakaravgift og premiering. Generelt følgjer ein FolkOrg sine retningslinjer når det gjeld deltakaravgift.
- § 8. Deltakarbilletten gjev fritt tilgjenge til dei vanlege tilskipingane under Fylkeskappleiken. Dette gjeld alle deltakarar. Enkeltutøvarar, grupper og lag kan ikkje krevje økonomisk godtgjering for dansespel, o.l

**5. TEVLING**

- § 9. På fylkeskappleiken skal klasseinndelinga vere slik:
- Spel fele/hardingfele: A, B, C, D
  - Dans fele/hardingfele: A, B, C, D
  - Vokal: A, B, C, D
  - Lausdans: A, B, C, D
  - Andre folkemusikkinstrument: jr., sr.
  - Grupper spel fele/hardingfele: sr.
  - Lag spel fele/hardingfele: sr.
  - Spel, solo runddans: jr., sr.
  - Grupper spel, runddans: jr., sr.
  - Lag spel, runddans: sr.
  - Dans, runddans: jr., sr.
  - Open klasse
  - Samspel: jr.\*
  - Lagdans, bygdedans: jr., sr. (3 par jr. og 4 par sr.)

I tillegg er det ope for rekruttklassar.  
Deltakarar heimehøyrande utanfor fylket stiller i eigne gjesteklassar.

I klasse C og D kan ein sjølv velje om ein ønskjer å tevla som par eller som følgje dersom berre den eine er over 60 år.

Tevlingane skal elles avviklast i tråd med FolkOrg sitt gjeldande tevlingsreglement.

\*Samspel jr. går inn for gruppespel og lagspel jr.

§ 10. Alle deltakarar på Fylkeskappleiken skal vere medlem av FolkOrg.

## **6. DØMMING**

§ 11. SFFL har ansvar for å peike ut sakkunnige dommarar. Det skal vere tre dommarar i kvar av desse tevlingsgreinene:

- spel, soloklassar i hardingfele, fele og andre folkemusikkinstrument, gruppe- og lagspelklassar.
- dans
- vokal

§ 12. Dommargjeringa er å rekne som eit tillitsverv og blir ikkje godtgjort økonomisk. Lokal tilskipar skal dekke opphaldsutgifter for dommarane, samt dekke reiseutgifter skal etter gjeldande satsar i statens reiseregulativ. FolkOrg sitt tevlingsreglement gjeld ved spørsmål om habilitet.

## **7. PREMIERING**

§ 13. Lokal tilskipar skal følge FolkOrg sitt tevlingsreglement når det gjeld premiering. Rekruttar skal ikkje ha poeng eller vanleg premiering, men kan få munnleg tilbakemelding.

## **8. UNNTAK FRÅ VEDTEKTER**

§ 14. Lokal tilskipar som ønskjer å gjere unntak frå desse vedtektene må søkje styret i SFFL.

Reviderte vedtekter for Fylkeskappleiken vedteke i styremøte 30.05.2016.